

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO
v/Auen Korbøl

Deres referanse	Deres dato
NVE 200704717-16, 200901883-26, 201104394-4, 201305135-2 ksk/auko og km/tcm	01.11.2013
Vår referanse	Vår dato
ODDHO/623896.000.01	14.02.2014
Saksbehandler	Direkte telefon
Odd Håland Øksnevad	51 90 88 07

Høringsuttale til søknader om bygging av Dalaåna kraftverk, Nordåna kraftverk og Øvre Dalaåne kraftverk

Vi viser til konsesjonssøknadene for Dalaåna kraftverk, Nordåna kraftverk og Øvre Dalaåne kraftverk i Forsand kommune i Rogaland fylke.

Lyse Elnett har ansvar for regional kraftsystemutredning i Sør-Rogaland og eig regionalnettet i det aktuelle området.

Tre av Lyse Elnett sine 132 kV linjer går gjennom Daladalen. Ut frå kartet ser det ut som om både Nordåna kraftverk og Øvre Dalaåne kraftverk er tenkt plassert svært nær to av 132 kV linjene. Vi gjer merksam på at ingen del av kraftstasjonsbygningane kan vera innanfor det bandlagte beltet til 132 kV linjene. Det må vera minst 10 m frå ytterfase på linja til næraste bygningsdel. Ein kan heller ikkje etablera riggområdet i dette bandlagte beltet.

Det skal om få år byggast ny 420 kV linje Lyse – Stølaheia i omtrent same trasé som 132 kV linja Lysebotn – Tronsholen 2. Den nye 420 kV linja vil ha større faseavstand enn 132 kV linja, så det bandlagte beltet blir breiare. Kraftstasjonsbygningane må også plasserast utanfor det bandlagte beltet til den framtidige 420 kV linja Lyse – Stølaheia. Lyse Sentralnett kan gje meir detaljerte opplysningar om traséen til 420 kV linja Lyse – Stølaheia i det aktuelle området. I og med at kraftverka og den nye sentralnettslinja truleg skal byggast omtrent samtidig, er det viktig med god kommunikasjon og koordinering mellom utbyggerane.

I konsesjonssøknaden for Dalaåna kraftverk og Nordåna kraftverk, kapittel 2.1, står det at skal installerast ein 22/132 kV transformator på 13 MVA. I Lyse Elnett sin konsesjonssøknad for Helmikstøl transformatorstasjon er det oppgitt ein storleik på transformatoren på 35 MVA. Det er viktig at transformatoren blir stor nok til alle kraftverka som skal byggast i det aktuelle området på og nær Helmikstøl. Ein transformator på 13 MVA er bare akkurat så vidt stor nok til Dalaåna og Nordåna kraftverk, noko som vil gjera det vanskeleg å tilknytta fleire kraftverk. Dersom det er usikkert kor mange kraftverk som vil koma når Helmikstøl transformatorstasjon skal byggast, bør transformatoren dimensjonast for alle dei kraftverka det er mogleg kan koma i det området. Transformatorstasjonen blir samfunnsøkonomisk rimelegare og tar mindre plass dersom den transformatoren som blir sett inn er stor nok for alle dei kraftverka som kan koma, enn dersom den første transformatoren er så liten at ein risikerer å måtte setta inn ein til transformator eit eller nokre få år seinare når fleire kraftverk skal knyttast til. Det ideelle er sjølvsagt om alle kraftverk

Lyse Elnett AS

Postadresse
Postboks 8124
4069 Stavanger

Besøksadresse
Gamle Ålgårdsvei 80
4325 Sandnes

Telefon
51 90 80 00
Telefaks
51 90 80 01

Bankgiro
3201 20 99389
Foretaksregisteret
NO 980 038 408 MVA

E-post adresse
firmapost@lyse.no
Hjemmeside

som er planlagte i og nær Helmikstøl skal knyttast til omtrent samstundes, slik at ein kan dimensjonera transformatoren etter dei kraftverka ein veit skal byggast. Sjølv om Lyse Elnett har søkt konsesjon på Helmikstøl transformatorstasjon, er det ein føresetnad at dei kraftverka som skal knyttast til dekker heile eller delar av investeringskostnadene gjennom anleggsbidrag.

Det er nemnt i konsesjonssøknaden for Øvre Dalaåne kraftverk at dersom det går hol på trykkrøyet, vil ein få ei 70 m vasstråle som kan skada ei høgspenninglinje. Det må setjast i verk tiltak som hindrar at ei vasstråle frå eit hol i trykkrøyet kan skada høgspenninglinja. Dette er ekstra viktig dersom det gjeld den planlagte sentralnettslinja Lyse – Stølaheia. Vi antar at det same også gjeld Nordåna kraftverk, sjølv om det ikkje står like klart i den konsesjonssøknaden.

Ein må sikra at ikkje anleggsdelar kjem i nærleiken av straumførande linjer ved graving og montering av røyr, og at ein opprettheld forskriftsmessig høgd mellom terreng, røyr etc. og linja.

Lyse Elnett gjer merksam på at det er mange planlagte kraftverk i Sør-Rogaland, og at det er sannsynleg at så mange ønskjer tilknytning til nettet at det eksisterande 132 kV nettet og sentralnettet ikkje vil ha kapasitet til å tilknytta alle som ønskjer tilknytning. Det er ennå usikkert kor mange og store kraftverk som skal byggast og kva rekkefølge dei kjem i. Det er ikkje sikkert at alle kraftverk det er søkt konsesjon på får konsesjon, og sjølv om dei får konsesjon, er det ikkje sikkert at dei ønskjer å bygga. Men det er sikkert at det ikkje er kapasitet i det eksisterande nettet til å knytta til alle dei kraftverka som har søkt konsesjon. Dei forsterkningane som vil trengast i regionalnett og sentralnett for å kunna knytta til fleire kraftverk, kan vera tidkrevande, og det er sannsynleg at nokre kraftverk må venta til etter 2020 med tilknytning fordi det ikkje er mogleg å gjennomføra dei nettforsterkningane som trengst i sentralnettet og kanskje i 132 kV nettet innan 2020.

Vennlig hilsen
Lyse Elnett AS


Børre Dybesland
nettutvikler


Odd Håland Øksnevad
senior ingeniør